



Rosendalslaget håvar inn poeng (Foto: Yngve Bryn)

Halve laget var frå Uskedalen då Rosendals damar i dag tok sin sjette strake siger i 4. divisjon med 1-0 over Frøya, som er eit Bergenslag. Det ligg nest sist på tabellen..

Uskedelingane var Hege Lekva, Katrine Yri Røssland, Reidun Musland, Gørill S. Eik. Anette Sandnes og Anita Simensen.

Laget hadde ei rekkje gode sjansar, men klara altså ikkje å få inn meir enn ein ball. Likevel hadde jentene god kontroll, oppsummerar trenar Magne Skår for Kvinnheringen.

Målet kom på straffe etter berre 12 minuttar og det var Kristine Enes Medhaug som sette inn ballen.

Katrine debuterte i denne kampen, Uskedelingen gjekk inn som keeper etter 20 minuttar og gjorde det bra. Ho er ein flink skotstoppar som er raskt ute og trenaren trur ho kan bli svært god med tida.

Neste sjanse til 3 poeng er mot Arna-Bjørnar på fredag.